

Handlingsplan Årdal Tenk Tryggleik 2010

Sogn og FjordaneFylkeskommune seier om partnerskapsavtalen for folkehelse:

I 2004 peika Sosial- og helsedirektoratet ut Sogn og Fjordane som eit av seks fylke som fekk status som fyrårnfyfylke for folkehelse. Dette inneber eit forpliktande partnerskap mellom staten, fylkeskommunen, kommunar og frivillige organisasjonar, der alle partnerane skal bidra med både økonomiske og faglege ressursar for å fremje ei positiv utvikling av folkehelsa.

I kontrakten med fylkeskommunen har partnerskapskommunane inngått eit forpliktande samarbeid innafor desse 8 satsingsområda:

- 1. Fysisk aktivitet**
- 2. Rus- og tobakksførebygging**
- 3. Førebygging av skader og ulykker**
- 4. Kosthald/ernæring**
- 5. Kultur og helse**
- 6. Helsefremmande skular og fritidsmiljø**
- 7. Psykisk helse**
- 8. Aktive og inkluderande lokalsamfunn**

Kommunane skal gjennomføre tiltak på fleire av dei nemnde satsingsområda.

Kva område som er aktuelle, vil variere frå kommune til kommune ut i frå lokale utfordringar og ressursar.

Kvar kommune skal utarbeide eigen handlingsplan, og dei får statlege stimuleringsmidlar som tilsvarer eigen ressursinnsats.

Kommunane skal òg få fagleg støtte og rådgiving frå sentralt hald.

Årdal kommune har 5 av dei 8 satsingsområda i sin Folkehelseplan

FOLKEHELSEKOORDINATOR SKAL

- vere ein koordinator i det kommunale folkehelsearbeidet
- sikre tverretatleg og tverrsektorielt samarbeid
- vere bindeledd mellom kommunale tenester, frivilligeorganisasjonar
- engasjere administrativt og politisk nivå i folkehelsearbeidet i kommunen.
- vere bindeledd mellom forvaltningsnivåa, kommune, fylke og stat
- opprette og utvikle eit godt samarbeid mellom frivilligeorganisasjonar, og kommunale tenester
- opprette og utvikle avtalar og samarbeid med næringslivet

1:Rus

Mål:

Fokus på overgang ungdomskule/vidaregåande og fråfallsproblematikken.

Fleire tiltak inn i vidaregåande skule.

Fokus på dopingproblematikken i treningsmiljøa.

Tiltak:

Folkehelsekoordinator med i folkehelsegruppa ved ÅVGS.

Foredrag om rus, og rus i arbeidslivet på Årdal vidaregåande skule
Støtte/bruke eksisterande etterverngruppe.
Politiet/ÅTT med førebyggjande tiltak ved Hydro Aluminium.
ÅTT inn med tiltak etter avtale med samarbeidspartnarar
Rom for tiltak med samarbeidspartnarar

Ansvarleg:

Folkehelsekoordinator, Politiet, ÅTIL, Jotun, oppvekstområde.
Etterverngruppe, ÅVGS

2: FYSISK AKTIVITET

Mål:

Aktivisere 0 mosjonistane, unge og eldre, gjennom tilrettelagde tilbod.
Få fram fleire aktivitetstilbod

Tiltak:

Støtte/styrke Årdal Mosjonsskule/posttrimmen med marknadsføring, premiar, anna.

Støtte/styrke ÅKBIL, samarbeid med bedrifter utan eige bedriftsidrettslag

Folkehelsemarsj til Bøttejuvet i august

Søke midlar til ulike prosjekt.

Rom for tiltak med samarbeidspartnarar

Ansvarlege:

Folkehelsekoordinator, Årdal mosjonsskule, ÅTIL, Jotun, ÅKBIL, ÅVGS

3: KOSTHALD/ERNÆRING

Mål:

Gode vanar tidleg.

Gje born og unge sunne alternativ i salsbodene ved arrangement.

Vatn inn og sukkerhaldig drikke ut av oppvekstområde og idrettsanlegg.

Tiltak:

Nytte Noregs beste drikkevatn ved anledning.

Prosjekt : "Frå pupp til kopp" saman med tannhelsetenesta

Rom for tiltak samarbeidspartnarar

Ansvarleg:

Folkehelsekoordinator, helsestasjonane,, kommunalteknikk, idrettslaga

4: AKTIVE LEVANDE INKLUDERANDE LOKALSAMFUNN

Mål

Treffe nye landsmenn, inaktiv Årdalsungdom med tiltak/informasjon.

Tiltak:

Arbeidsgruppe Mangfald Årdal fortset sitt arbeid i 2010

Besøk til alle 80 åringar, med info om hjelpemiddelsentralen

Branntryggleikssjekk til nye brukarar av heimetenestene.

Internasjonal dag med myldremesse ved ÅVGS

Rom for tiltak med samarbeidspartnarar

Ansvarleg: Folkehelsekoordinator, politiet, ÅVGS, idrettslag, beredskapen
,brannsjef, ungdomsrådet, heimetenestene

5: SKADER OG ULUKKER, ÅRDAL TENK TRYGGLEIK

Mål: HMT på heile Årdal kommune

Tiltak:

Kontaktøter med eit utval av bedrifter med mål om samarbeid.

Ta imot og loggføre alle innmeldte saker/hendingar/situasjonar.

Attendemelding til alle.

Gjennomføre synfaringar/lokale vernerundar i heile gatenettet.

Synfaring offentlege bygg med ergoterapeut.

Melde avvik med fotodokumentasjon og anbefaling/forslag til løysing til eigar av problem.

Registrering av brannfarlege tilhøve hjå hjelpe/pleietrengande.

Registrering/identifisering av bilvrak. Tilbod om gratis fjerning.

Stand på "Open dag" Hydro

Trafikkdag ÅVGS

Fadderskap livbøyer i samarbeide med Trygg Vesta og tekniske tenester.

Radon målingar, og informasjon, rettleiing til publikum

Rom for tiltak med samarbeidspartnarar

Ansvarleg: folkehelsekoordinator, politiet,ergoterapeut, tekniske tenester, beredskapen, SVV, Åvgs,Vesta

5.1 FASTE POSTAR ÅTT.

Refleksvestar barnehagane, born og tilsette.

Sykkelhjelmar 4 klassane.

Refleks vestar Trafikk kalender klassane.

Politikameratane.

Støtte til/avtale med Norsk Folkehjelp

Annonse i avisa trafikanten

5.2 Trygge eldre:

Prosjekt avslutta 2009.

Registrering av fall i institusjonane vert vidareført

Besøk i heimen 80 åringar med tryggleikssjekk og rettleiing vert vidareført

Prosjektgruppa vil fortsette

Ansvarleg: Heidi Kristin Skeie og prosjektgruppa

Steinar Drægni
Folkehelsekoordinator